


Hvad

**KJØBERNE**

mener om

**„Champion“**



1-Hestes „Champion“-Slaamaskine.

**Slaamaskinerne**

**GUNNAR BRADLEY**

Eneforhandler

Maskin- & Støbegodsforretning

**BERGEN**

**Telefon 2064.**      Telegrafadresse: **„Maskinbradley“**

Harald Sætre har sendt oss eit spesielt hundreårsminne frå jordbruket - ein reklamekatalog frå 1911 frå Maskin & Støbegodsforretningen i Bergen.

Der er også Uskedalen representert, nærare bestemt ved Karl Kjærland.

Katalogen består av 2-3 sider med teikningar av ymse slåmaskinar av merket Champion medan resten av katalogen er positive ytringar frå tidlegare kjøparar.

Her kan ein mellom anna lese ei uttale frå bonden i Uskedalen der han skriv at han likar maskinen 'udmærket godt' og at den er' særdeles lett å trekke for hesten. Dette skriv han i 1906, noko som fortel at bøndene her i dalen var tidleg ute med tekniske nyvinningar .

Ein kollega av Kjærland frå Sunde, Knudt S. Kallestad, har også ein attest i katalogen der han slår fast at han er meget fornøyet. Maskinen går lett for en hest og slår utmerket godt.

Gardbrukar og kirkesongar H. Sundal frå Husnes ynskjer at slåmaskinen skal vinna størst mulig utbredelse.

Av Ola Matti Mathisen